

Hjorten lagar hol i siloballane

12.04.2015

Hjorten har gått frå stabel til stabel og laga hol i fleire hundre siloballar, opplyssar Lars Haugland i ein søknad til kommunen om 55 955 kroner frå Kvinnherad Viltfond fordelt på åra 2013 og 2014.

I 2013 sokte nokre grunneigarar på Haugland om tilskot på 282 644 kroner til inngjerding av den dyrka marka på Hauglandsheio for å redusera presset frå hjorten og rådmannen rådde til løyving av 25 000 kroner. Men grunneigarane har førebels ikkje fått noko svar på denne søknaden, med sum og eventuelle vilkår.

Sidan mest heile gjerdet må takast at eigne midlar, vert det ikkje gjerde. Difor ynskjer grunneigarane å omdisponera desse midlane og nye midlar for dette året til innkjøp av industrigjerde for å hindre hjorteskade på siloballane.

Siloballane som er skada no har fått tilført luft og dei må brukast raskt før foret vert skjemt. Det er ikkje så enkelt når hjorten har laga hol i kanskje 20-30 ballar på ei natt. Det kan også vera arbeidskrevjande å få tak i dei ballane som det er hol i og det er lett å lage hol i naboballen.

I haust hadde Hauglandvaldet kvote på og skaut 2 vaksne bukkar. Både i haust, vinter og no i vår har det vore svært stor overvekt av vaksne bukkar og inntrykket er at hanndyra er dei mest aktive i rundballestablane.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen